

Elin F. Styve  
Helleåsen 35  
5915 Hjelmås

Til

Fylkesmannen i Hordaland

16.08.16

**Førebels klage på reguleringsendring, plan-ID 1263-19032007**

Det er vanskeleg for meg å ta stilling til vedtaket fordi plankart og bestemmelser kan sjå ut til å vera endra ut over det som er plan- og miljøutvalet sitt vedtak. Eg vil difor levera ein førebels klage inntil eg får klarhet i om bestemmelsane er til blempe for meg slik dei står.

Eg har et spørsmål: Er dette verkeleg den godkjente planen? Eg treng å få svar på dette, eller om eg har misforstått. I plankartet kan det sjå ut som at det er fleire endringar enn det som var behandla av administrasjonen og vedteke av politikarane. På grunn av ferieavvikling i kommunen har eg ikkje fått høve til å skaffa meg det fulle og heile biletet av konsekvensane for meg, slik papira ligg føre.

For meg er det blant anna viktig å få sikra at den minst gunstige løysinga ang utkjørsel fell tydeleg vekk i bestemmelsane. Om min utkjørsel skal leggjast om, må det føra til mindre, ikkje meir, inngrisen i grøntarealet på min eigedom, og det må ikkje bli vanskeligare for meg å køyra inn og ut av eigedomen min. Aller helst ønskjer eg utkjørselen der den er i dag, evt via tomt 13 som nemnd av administrasjonen. Dette må koma tydeleg fram i bestemmelsane, for å sikra ei urimeleg løysing for meg i framtida.

Beste helsing

Elin Folgerø Styve